



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: 04.09.2015
Vår ref.: 201105566-44
Arkiv: 312 / 052.7B
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Tor Carlsen

Oversendelse av klage på vedtak om avslag på søknad om Risbruelva kraftverk i Kvam herad

Vedtak om avslag på søknad om tillatelse til bygging av Risbruelva kraftverk er påklaget av Kvam kraftverk AS.

Klagen er gitt innen klagefristen og tilfredsstiller de øvrige vilkår for klagerett i forvaltningslovens kapittel VI. NVE har forberedt klagen i tråd med forvaltningsloven § 33.

Vi kan ikke se at klagen gir grunnlag for å endre vårt vedtak av 3.7.2015. Klagen oversendes derfor til Olje- og energidepartementet (OED) for endelig avgjørelse.

Bakgrunn for saken

NVE mottok søknad datert 3.3.2014, om tillatelse til bygging og drift av Risbruelva kraftverk i Kvam herad i Hordaland. Saken ble sendt på høring den 2.4.2014 sammen med elleve andre kraftverksøknader i Kvam, Fusa og Samnanger kommuner. Det ble holdt folkemøte i forbindelse med høringen på Kunsthuset Kabuso på Øystese den 12.5.2014. NVE var på befaring i området den 18.9.2014. Den 3.7.2015 avsto NVE søknaden om Risbruelva kraftverk siden tiltaket ville ha store negative konsekvenser for naturmiljø. NVE la vekt på at en fraføring av vann i Risbruelva vil ha en negativ påvirkning på bekkekløftlokaliteter som er verdisatt til svært viktig.

Klagen

Kvam kraftverk AS klaget på avgjørelsen den 13.8.2015 og mener det bør gis konsesjon til Risbruelva kraftverk. Klagen er nærmere begrunnet i brev av 31.8.2015:

«Me viser til brev frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE sin referanse 201105566-38) om avslag på vår søknad om bygging av Risbruelva kraftverk i Kvam herad i Hordaland.

NVE si grunngjeving for avslaget er at kriteriane i vassressurslova § 25; «Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet», ikkje er oppfylt og NVE gir difor ikke løyve etter vassressurslova § 8 for bygging av Risbruelva kraftverk.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Kvam Kraftverk har nøye vurdert NVE sitt avslag opp mot vår søknad, og korne fram til at me er usamde i NVE sin samla konklusjon og avslag og vil difor klage på vedtaket. Me vil her gi nærare grunngjeving for dette.

Om søkjar

Kvam Kraftverk AS er eit tradisjonelt kraftselskap som driv kraftproduksjon, omsetning og distribusjon av elektrisk kraft. Konesjonsområde for distribusjon ligg innafor Kvam herad sine grenser. Kvam Kraftverk er heileigd av Kvam herad. Verksemda vart skipa i 1913 og omdanna til aksjeselskap i 1998. Kvam Kraftverk eig i dag tre kraftverk. Kaldestad kraftstasjon i Norheimsund, Skulafossen kraftstasjon i Strandebarm og Sekkelva minikraftverk i Øystese.

Lokal verdiskaping

Ei utbygging av Risbruelva kraftverk etter omsøkt plan vil gi om lag 5,0 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon og vera eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk. Kvam Kraftverk har inngått avtaler med alle dei 18 grunn- og fallrettseigarane i dette prosjektet. Ein utbygging av Risbruelva kraftverk vil gi inntekter til desse samt at det vil gi både inntekter og auka aktivitet til oss i det lokal kraftselskapet. Lønsemda i prosjektet er etter vår vurdering god.

Me meiner at NVE har lagt for lite vekt på den lokale verdiskapinga dette prosjektet representerer i si samla vurdering og konklusjon.

Vedr lokale allmenne og private interesser

Prosjektet har vare nøye utgreia og det er semje mellom alle grunn- og fallrettseigarane. Risbruelva er svært lite tilgjengeleg og vert difor ikkje nytta av allmenheita til tur- og fritidsaktivitetar. NVE har gjennomført ein brei og god høyring med felles synfaring. Me merka oss at ingen av høyringspartane var negative til prosjektet. Dette er viktig for oss som søkjar og lokalt kraftselskap.

Vår vurdering er at prosjektet slik det er omsøkt ikkje har negative verknadar for lokale allmenne og private interesser. Me meiner at NVE har lagt for lite vekt på dette i si samla vurdering og konklusjon.

Vedr miljøpåverknad

Prosjektet vil føra til redusert vassføring i Risbruelva. Kva følgjer ei redusert vassføring vil ha å sei på miljøet i elva har me sjølv ikkje grunnlag for å vurdere, men må støtte oss på uttalar frå ulike faginstansar. Kraftverket er planlagt med ei største slukeevne på 610 l/s og minste slukeevne på 20 l/s. Den uregulerte middel vassføringa i vassdraget er berekna til å vera 382 l/s. Det er føreslege ei minstevassføring på 29 l/s om sommaren (1/5 til 30/9) og 7 l/s resten av året, som tilsvarar 5 persentilen. Berekningar viser at det vil vera 58 dagar i året at vassføringa vil vera større enn største slukeevne, og 55 dagar i året av vassføringa er mindre enn minstevassføringa. Under vår gjennomgang har me lagt vekt på å vurdere om NVE sin samla konklusjon er tilstrekkeleg balansert opp mot dei ulike faglege miljøvurderingane og at alle miljømessige sider er teke omsyn til i tilstrekkeleg grad. I denne samanheng har me funne fleire moment me meiner talar i formildande retning for miljøbelastninga ved prosjektet.

Det har vare gjennomført miljøundersøkingar av vassdraget ved fleire høve. Den biologiske mangfaldsutgreiinga i samanheng med konsesjonssøknaden vart utført av Faun Naturforvaltning i 2010. I tillegg har NVE i 2014 gjennomført ei etterundersøking i vassdraget. Me har fått oversendt eit utdrag av dei førebelse vurderingane frå denne undersøkinga. Denne

viser til at det er gjort funn av raudlista mose- og lavartar som ikkje tidlegare har vore registrert. Men teksten i utdraget presiserer og at vurderingane er høgst midlertidige, har svakheiter, og er ikkje kvalitetssikra og ferdigbestemt. Registrering av naturtypar og raudlisteartar er tillagt spesielt stor vekt i denne undersøkinga. Det er lite som vert skrive om kva endra vassføring i samband med kraftverket vil få å sei for miljøet. Faun Naturforvaltning sin rapport er etter vår meining detaljert og god spesielt omkring kva endra vassføring vil få å sei for miljøet. Her gir den samla vurderinga at det biologiske mangfoldet først om fremst er bestemt av topografi, klima og berggrunn og i mindre grad av vassføring. I denne rapporten vert det og nemnt at det oseaniske klimaet er ofte viktigare enn vassføringa når det gjeld vilkåra for fuktkevande artar på Vestlandet.

Me meiner at NVE i sin samla vurdering og konklusjon har lagt for stor vekt på den midlertidige rapporten frå etterundersøkinga, og for liten vekt på uttalar omkring kva endra vassføring vil få å sei på miljøet i vassdraget. Vidare meiner me at tilleggsvassføring frå sidebekk Revsgjel, antall dagar med vassføring mindre enn minstevassføring og dagar med vassføring større enn største slukeevne ikkje er tillagd tilstrekkeleg vekt i formildande retning for prosjektet.

Oppsummering

Kvam Kraftverk meiner at Risbruelva kraftverk er eit godt småkraftprosjekt som både er gunstig med omsynet til lokale allmenne og private interesser, og som vil bidra til lokal verdiskaping og utbygging av ny fornybar energiproduksjon. Dei naturfaglege rapportane gir etter vår meining ikkje nokon eintydig konklusjon på at prosjektet og redusert vassføring i vassdraget har større negative konsekvensar for miljøet. Me meiner difor at fordelene med bygginga av Risbruelva kraftverk er større enn ulempene for allmenne og private interesser som vert berørt i vassdraget eller nedbørfeltet.

På bakgrunn av dette ber Kvam Kraftverk om at NVE sitt vedtak vert omgjort, og at det vert gitt løye etter vassressurslova § 8 for bygging av Risbruelva kraftverk som omsøkt.»

NVEs vurdering av klagesaken

NVE kan oppheve eller endre vedtaket dersom NVE finner klagen begrunnet, alternativt oversende klagen til OED for endelig avgjørelse (jmfør forvaltningsloven § 33).

Kvam kraftverk påpeker i klagen at det ikke er samsvar mellom de faglige vurderingene i rapporten fra Faun og rapporten fra Miljøfaglig utredning når det gjelder virkningene for naturmangfold i Risbruelva. De mener at rapporten fra Faun er mer utfyllende når det gjelder virkninger av redusert vannføring i Risbruelva. Klager mener også det ikke er lagt tilstrekkelig vekt på virkningene av restvannføringen i Risbruelva.

NVE påpeker at begge rapportene er del av faktagrunnlaget for NVEs avgjørelse, men at NVE også gjør en selvstendig vurdering av virkninger. I vedtaket av 3.7.2015 har NVE vurdert virkningene av fraføring av vann i Risbruelva. Vurderingene er basert på den beregnede vannføringen inkludert tilsiget fra restfeltet og Revsgjelet og dager med overløp og stans i kraftverket.

Konklusjon

NVE kan ikke se at det i klagen er kommet frem nye opplysninger som gir grunnlag for å endre vårt vedtak av 27.2.2015. Klagen oversendes derfor OED til endelig avgjørelse (jmfør forvaltningsloven § 33). Alle sakens dokumenter gjøres tilgjengelige for departementet gjennom internettløsningen SeDok.



Med hilsen

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Øystein Grundt
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg: Sakens dokumenter oversendes departementet via SeDok

Kopi til:

Kvam Kraftverk AS